

Preses Olav Fykse Tveit

Tale til biskop Halvor Nordhaug ved avskjedsgudstenesta 20. november 2022 i Bergen domkyrkje

Når Halvor Nordhaug avsluttar si teneste som biskop i Bjørgvin, er det ein epoke som er over. Det gjeld for kyrkja og samfunnet i Bergen, i heile bispedømmet, men også i vårt land. Du har fylt denne viktige oppgåva i vel 13 år på ein måte som har sett varige spor etter deg.

Når eg no ber fram ein stor takk for din innsats på vegne av heile Den norske kyrkja, vil eg særleg peike på den måten du har fylt bisperolla på som lærar og som leiar. Både i kyrkja og på vegner av kyrkja.

Du kom hit som prestelærar, og du heldt fram som ein lærar for heile kyrkja. Du har tatt ansvar for å formidle vår kristne tru med historisk og teologisk substans. Du har gjort det slik at det frigjerande og frelsande evangeliet vart formidla på nytt og på nye måtar. Slik har du inspirert mange til å finne den skatten kyrkja har fått for å dele med alle.

Dette har du gjort i det store offentlege rom, i medier av ulike slag, i debattar og i bøker. Men først og fremst og aller mest gjennom å forkynne evangeliet klårt og reint. Der har du brukt dine kunnskapar og mange faglege refleksjonar om å preike, men ikkje minst ditt personlege engasjement og eit stort register av klare og nyslippede formuleringar. Det har vore farga med mange bilete, med humor og djupt alvor. Du har nådd inn til menneske som lyttar til deg. Og det har vore mange, svært mange.

Ditt ansvar for kyrkjens lære, som uttrykk for den felles kristne tru, men også spesielt dei særlege verdiar i vår evangelisk-lutherske tru, har handla om mangt og mykje. Men aller mest og aller best om kva det er å tru på Jesus - her og no.

Du har ikkje vore redd for å vere den andre stemma, som sa noko anna enn det andre sa. Stundom for å vere den andre stemma på vegner av mange som dermed kjente at deira stemme vart høyrte i Bispemøtet, i Kyrkjemøtet eller i andre samanhengar, betre enn dei kunne gjere det sjølv. Men det var ikkje berre ei gruppe eller ein fløy som kunne oppleve at du løfta deira perspektiv. Du har utfordra i mange retningar, også tidlegare posisjonar og innarbeidde haldningar, i dette bispedømmet, i kyrkja elles, men og i samfunnsdebatten.

Du har heller ikkje vike tilbake for å vere ei anna og kritisk stemme i møte med dine egne oppfatningar.

Slik har du også vore ein leiarsom har tatt tak i saker og vist veg i ei tid med store endringar. Du har helst velkomen endringane i forholdet mellom kyrkje og stat, og hevda at kyrkja må vere kyrkje på egne premisser. Sjølv om du – og kanskje vi alle – kan takke den gamle statskyrkjeordninga for at du ikkje vart biskop i Møre, og difor i Bjørgvin.

Du tok tak i korleis kyrkja skulle leve med ulike syn på eit viktig spørsmål for den einskilde og for fellesskapet, om likekjønna ekteskap. Slik fekk Bispemøtet og Kyrkjemøtet ein basis og ein måte å leve med to ulike syn på.

Du annonserte då du starta eit program om å få fleire kvinner i prestenesta i dette bispedømmet, ut frå di overtyding om at kyrkja trengte deira gåver og tydelege plass i kyrkja. Det har skjedd, og du har måtte ta ulike tak for å følgje opp ditt eige program i så måte.

Du har også vist stort leiarskap i korleis kyrkja kan vere ein aktiv del av kultur og samfunnsliv. Du er kjent for dine mange opne samtalar om tru og tvil med ulike menneske, men også med å få fram kulturens mange uttrykk i kyrkjens liv og fellesskap.

Du har ikkje minst vore ein biskop som har halde fram at kyrkja og kyrkjelyden er ein fellesskap som skal «vekkje og nære» den kristne tru og det kristne livet. Du har inspirert og utfordra andre til å vise den kristne truas styrke, relevans, ja, glede og begeistring, ikkje minst i møte med unge menneske.

Johan Nordal Brun er vel kanskje den av dine forgjengarar som vi ser at du har mest til felles med. Ikkje berre fordi ein trønder som vert biskop i Bergen blir bergenspatriot. Heller ikkje berre fordi du som han har formuleringsevner som kan få fram den store breidda i det menneskelege register av følelsar. Heller ikkje berre fordi du har vist at kyrkje og kultur høyrer saman. Men aller mest fordi eg trur at dei mest spirekraftige frø du har planta er også det som dei fleste – i alle fall utanfor Bergen – stadig hugsar Johan Nordal Brun for. Det er den klare og begeistra budskapet han har formulert: «Åpen har jeg himlen funnet, Jesus vant, og jeg har vunnet!»

No ber vi at Gud velsignar det som er sådd i desse åra, og at du og Astrid får oppleve at Gud signar og varar din utgang og din inngang frå no og til evig tid.